

## **Forskrift om vern av Adnaråsen naturreservat, Sokndal kommune, Rogaland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Formålet med forskrifa er å bevare ei rik edellauvskogsområde med alt av planter og dyreliv. Området er ei høgde i Sokndal med i hovudsak ei velutvikla lågurt-edellauvskog, men med stor variasjon i naturtypar mot mindre rike parti prega av boreale lauvtreslag. Nokre mindre sumpskogsparti førekjem. Særskilt påverknad frå kysten gir tidvis høg luftfukt også på eksponerte stader, noko som gir høgt mangfold av epifyttar i kronesjiktet. Marklaget variera frå lyng-, blåbærmark- til svakt lågurtskogsmark, men også noko beitepreg og stadvis preg av hagemark med gamle hasselbuskar. Edellauvskogen er rik på treslag. Fleire av dei større trea har holrom med vedmold, og i ein skilde parti er det mykje daudved både ståande og liggande. Epifyttflora inkludera fleire artar knytt til kystnære lungenever-samfunn. Området er rikt på vilt, insekt og fugl.

Det er ein målsetnad å halde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet inkludera følgjande gnr./bnr.: Sokndal kommune: 69/2.

Naturreservatet dekker et totalareal på om lag 166 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. De nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskrifta med kart oppbevarast i Sokndal kommune, hjå Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Verneregler**

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som forringar verneverdiane angitt i føremålet for vernet.

I naturreservatet gjelder følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode både på land og i vatn.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e. l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje utømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrannning er forbode.

### **§ 4 Generelle unntak fra vernereglane**

- Vernereglane i § 3 annet ledd er ikkje til hinder for
- sanking av bær og matsopp
  - jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
  - felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
  - vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar merka av på vernekartet og i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
  - beiting
  - utsetting av saltsteinar
  - drift og vedlikehald av FV 44, Jærvegen.

### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjelder følgjande reglar om ferdsel

- motorisert ferdsel til lands er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar vist på vernekartet.

### **§ 6 Generelle unntak fra reglane om ferdsel**

Ferdsselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Ferdsselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer.
- naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- landing og start med Forsvarets luftfartøy.

### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvalningsmynde kan etter søknad gje løyve til:

- istandsetting og vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- tiltak i forbindelse med forvaltning av vilt og fisk
- merking og rydding av nye stiar
- avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- oppsetting og vedlikehald av gjerder
- øvingskjøring for formål nemnt i § 6 første ledd
- naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 d og g, og § 7 a og e.
- fjerning av oppslag av buskar og tre på toppen av Adnaråsen innafor areal merka i vernekartet.
- rydding av oppslag og skjøtsel av kulturmarkområda merkt i vernekart.

### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvalningsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova§ 48.

### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10. (*forvaltningsplan*)**

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

**§ 12. (*ikraftsetjing*)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.